



To av dei tre uskedelingane i forvaltningskomiteen dei neste fire åra: Gunn Mari Moberg (H) og Tove Lill Lakselv (Frp). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein uskedeling, Tove Lill Lakselv (Frp), har leia den viktige forvaltningskomiteen i siste periode. Slik blir det ikkje i den neste, no går vervet over til Innbyggjarpartiet sin leiar Einar Saghaug. Til gjengjeld blir det dei neste fire åra tre frå Uskedalen i denne komiteen. Det vart bestemt av det nyvalde kommunestyret onsdag.**

Dei tre er Tove Lill Lakselv, Gunn Mari Moberg (H) og Elin Legland (Sp). Tove Lill og Gunn Mari er fast innvalde i kommunestyret medan Elin er vara. Men Elin blir nestleiar i komiteen.

Dei andre i forvaltningskomiteen blir Morten Vetvatne (V), Øyvind Hardeland (Ap), Bjørg Brækhus (Ap), Endre Blokhus (Frp) og Thorleif L. Hellesøy. (US)

Lenge var uskedelingen Torfinn Myklebust, som no representerer Innbyggjarpartiet, aktuell som kandidat til leiarvervet, men det vart ei omstokking i siste runde. Til gjengjeld held han fram i formannskapet, der han har sete i 16 år – to periodar for TS og to for Høgre. Myklebust tek no fatt på sin sjuande periode i kommunestyret, der han har vore medlem sidan 1983.



Elin Legland sit ikkje fast i kommunestyret, men blir nestleiar i forvaltningskomiteen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Formannskapet i dei neste fire år består for det meste av "gamle travarar". I tillegg til ordførar Synnøve Solbakken (Ap) og varaordførar Synnøve Handeland (V) består det mellom andre av avtroppande ordførar Bjarne Berge (TS), som altså vart "påskjønna" med ein plass sjølv om han vart einsleg svale for sitt parti i kommunestyret. Arne Havnerås sit for Høgre i formannskapet og Elisabeth Eide Tharaldsen frå Framstegspartiet medan Senterpartiet har to – Knut Prestnes og Gunnar Våge. Endeleg er tidlegare varaordførar Otto Benjaminson (KrF) framleis i formannskapet.



Bjarne Lilleaas kjem truleg i investeringsutvalet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var også knytt ein viss spenning til om Havnerås, som var Høgres ordførarkandidat, måtte gje avkall på sine formannsambisjonar fordi partileiar Gunn Mari Moberg gjorde eit betre val enn han. Men Havnerås vart altså likevel formannsmedlem og Gunn Mari seier til uskedalen.no at ho slett ikkje er lei seg over at ho ikkje kom i formannskapet. Ho kjem til å møte der ofte likevel, fordi ho er vald som første vara – for fire medlemmer frå opposisjonsblokken.

- Dessutan er eg altså medlem av forvaltningskomiteen, som eg betraktar som eit svært viktig og utfordrande verv. Alt i alt har eg altså fått mykje i den kabalen som er lagt, seier Gunn Mari.

Også Tove Lill gjev uttrykk for at ho er fornøgd med å få halda fram i forvaltningskomiteen sjølv om ho ikkje lenger har leiarvervet.

Når det gjeld den fjerde fast innvalde representanten frå Uskedalen, Venstres Bjarne Lilleaas, trur han at han kjem i investeringsutvalet.

Under konstitueringa torsdag vart det vald berre formannskap og forvaltningskomite, men i neste møte skal det veljast ein komite for helse, omsorg og miljø og ein for oppvekst, kultur og idrett. I tillegg blir administrasjonskomiteen vekt til live att.

Høgdepunktet under konstitueringa var då Synnøve Solbakken (Ap) tok over som Kvinnherad sin første kvinnelege ordførar og erklærte at ho ville bli ein ordførar for heile kommunen. Ho opplyste og at ho og varaordførar Synnøve Handeland (V) ville dela på ein god del av oppgåvene.

Av Ola Matti Mathisen



Formannskapet i dei neste fire åra (talet på medlemmer redusert frå 11 til ni): Frå høgre Torfinn Myklebust, Gunnar Våge, Synnøve Handeland, Knut Prestnes, Synnøve Solbakken, Bjarne Berge, Elisabeth Eide Tharaldsen, Arne Havnerås og Otto Benjaminson. (Foto: Ola Matti Mathisen)